

SAKSFØRELEGG FU-SAK NR.: 199/1986:

Fylkeskommunen har kome i kontakt med ein person som ønskjer å selje 6 fargetresnitt av Nicolai Astrup. 4 av tresnitta er mellom Astrup sine hovedarbeid og er særst gode. Dei 2 siste har også god kvalitet og er intressante.

Seljaren er ei eldre kvinne busett i utlandet. Ho er dotter av ein større industrimann og redar. Han kjøpte tresnitta av Astrup direkte. Bilda har sidan vore i familien si eige. Det er ein føresetnad at bileta vert selde og haldne samla då seljaren har lova far sin dette.

Fylkeskommunen har for tida fått tilsagn om å få kjøpe bileta for eit beløp avgrensa oppover til kr. 250.000,-.

I tillegg kjem kostnader til frakt, råmer og forsikring, avgrensa oppover til kr. 20.000,-.

Fylkeskommunen har vore i kontakt og tinga om kjøpet i omlag 2 år. Saka har tidlegare vore drøfta i eit møte mellom fylkesordføraren, formannen i kulturutvalet, kontorsjefen og kultursjefen. Møte konkluderte med at fylkeskommunen skulle tinga vidare med sikte på kjøp. Seljaren ønskjer no å selja og når ho først harteke slik avgjerd ønskjer ho også ei rask avgjerd frå kjøparen.

Fylkeskommunen har engasjert ein av landets fremste ekspertar på Nicolai Astrup. Vedkomande har vurdert fargetresnitta og karakteriserer dei som ein liten skatt som fylkeskommunen så absolutt bør sikre seg eigedomsretten til. Etter ekspertens si vurdering er kjøpesummen akseptabel for eit offentleg kjøp. Det er viktig å få avvikla kjøpet utan at det vert kjent for allmenta. Truleg vil kjøpesummen kunne bli høgare i eit ope marked.

Fylkesrådmannen rår til at fylkesutvalet vedtek å kjøpe bilda innafor ei total økonomisk ramme på kr. 270.000,-.

Bilda bør vere i fylkeskommunen si eige og høver godt i fleire fylkeskommunale samanhengar. Fylkeskommunen bør likevel vere open for utlån i samband med utstillingar m.v. Dette bør drøftast vidare dersom ein lukkast med kjøpet.

Kjøpet gjeld følgjande bilete:

" Fugl på stein", "Soleienatt", "Juninatt i hagen",
" Mai måne", "Heim frå arbeid" og " Liten kornstaur".

